

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
046.1	Knut Øyjordet	17.04.20	18/20

## SØKNAD OM SAMLETRÅ FOR SAU OG OPPFØRING AV LAVVO – LEIRUNGSDALEN BEITELAG

*Saksdokument:*

1. Søknad frå Leirungsdalen beitelag, i e-postar av 09.03.20 og av 23.03.20.
2. E-postar frå Statskog til fjellstyret av 10.03.20 og 25.03.20.

*Saksutgreiing:*

Leirungsdalen beitelag søker om å få sette opp ein lavvo til bruk under tilsyn og sank av sau. Den skal byggjast i tre, og skal vera oppe berre i beitesesongen. Planlagt plassering er på sørsida av Semelhøe, som vist på vedlagte kart, men laget er open for annan plassering. Det blir også søkt om å sette opp ei samletrå ved Valdresflyvegen, som vist på vedlagte kart. Den er tenkt bygd i impregnert treverk, og blir 7 x 16 meter stor. Behovet for denne er spesielt ved slepp av sauene om våren når ein kjem med dyrebil. Det er da hensiktsmessig å få dyra inn i ei samletrå. Det er også opplyst frå Jo Aasheim i beitelaget at bakgrunnen for søknaden om samletrå også er av dyrevelferdsmessige omsyn, da det for lam er langt å gå frå samletråa ved Nedre Leirungen til beiteområdet på sør-vestsida av Leirungsåe.

Statskog har kome fram til at søknaden bør behandlast som ei grunndisponeringssak etter § 12 i Fjellova. Det vil da bli oppretta to festekontrakter, ei for lavvoen og ei for samletråa, og med vilkår for bruken osv. Men før Statskog tek endeleg stilling til søknaden, blir det bede om uttale frå fjellstyret. Frå kommunen er det opplyst at det ikkje trengst løyve etter plan- og bygningslova for samletråa, men for lavvoen er det nødvendig med løyve.

Leirungsdalen beitelag fekk løyve frå fjellstyret til å utvide beiteområdet sitt frå 2018, til også å gjelde området mot Semelhøe og Bukkehåmår'n sør-vest for Leirungsåe. Dette pga. auka besetningar og dermed aukande beitepress. Det har vore besetninga til Jo Aasheim som har nytta dette nye beiteområdet. Det er elles ingen andre som har beitedyr her, men området inngår i beite som tamreinlaget leiger.

*Vurdering:*

Grunndisponeringstiltak kan etter reglane i § 12 i fjellova berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Det er slik at fjellstyret da må vurdere eventuelle konfliktar i forhold til bruksrett, samt naturvern- og friluftsinteressene.

Pga. lange avstandar er det forståeleg med ønske om ein lavvo som eit «krypinn» i samband med tilsyn med sauene. Forslag til plassering ser greitt ut, det ligg sentralt til i beiteområdet, og blir liggjande nokså «skjerma» for innsyn. Sanketråa er tenkt rett ved sida av Valdresflyvegen, utanfor parkerings-«lomma» ca. 1 km frå kommunegrensa mot Øystre Slidre. Den blir liggjande meir «ope» til, men skulle ikkje vera til sjenanse for nokon.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrrene.no

**Innstilling til vedtak:**

Fjellstyret har ingen vesentlege merknader til at Leirungsdalen beitelag får løyve til å sette opp ein lavvo sør for Semelhøe til bruk under tilsyn og sank av sau slik det blir søkt om, samt oppsetting av ei samletrå ved Valdresflyvegen. Fjellstyret meiner at endeleg plassering av samletråa bør skje ved ei synfaring. Det bør elles stillast krav om at både lavvo og sanketrå må fjernast dersom området sør-vest for Leirungsåe ikkje lenger blir nytta som sauhamn.

**Vedtak:**

Samrøystes: Fjellstyret har ingen vesentlege merknader til at Leirungsdalen beitelag får løyve til å sette opp ein lavvo sør for Semelhøe til bruk under tilsyn og sank av sau slik det blir søkt om. Fjellstyret meiner det må setjast vilkår om at lavvoen skal takast ned etter beitesesongen, slik det er opplyst i søknaden.

Fjellstyret avventar med behandling av søknaden om oppsetting av ei samletrå ved Valdresflyvegen. Fjellstyret ønskjer ei synfaring i området før ein tek stilling til søknaden. Fjellstyret meiner at Vågå Tamrein også må bli invitert til synfaringa.

Før behandling av saka stilte Gunn Berit Aasheim spørsmål om sin habilitet. Fjellstyret vedtok samrøystes at ho var inhabil i saka. Varamedlem Rita Danielsen Benrud deltok i behandlinga av saka.

*Rett utskrift. Går til:*

Statskog SF v/Hilde Hammer  
Leirungsdalen beitelag v/Jo Aasheim

*Kopi til:*

Vågå Tamrein AS

Vågåmo, 17.04.20

Knut Øyjordet (e.f)

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no